



Til elevar på 8.trinn
v/ Kaland barne- og ungdomsskule

Neptun Seniorklubb

Oppdrag marinavfall- eit samarbeid mellom Kaland Barne- og ungdomsskule og Neptun Seniorklubb

Bakgrunn:

Store mengder avfall i havet påverkar plante og dyrelivet. Dyr som viklar seg inn i tau, garn eller emballasje får vanskar med å bevege seg og fange mat, og dei kan få kuttskadar og infeksjonar. Indre effektar kan oppstår når dyret får i seg for mykje søppel. Det kan føre til forstopping eller dårlegare næringsopptak. Vi veit også at giftstoff frå plast kan hope seg opp i dyra og overførast til neste ledd i næringskjeda.

Plast er laga av olje. Vi treng så mykje som 2 kg olje for å lage 1 kg plast. Kva vi gjer med plasten etter at vi er ferdig å bruke den har difor stor tyding for miljøet. Gjenvinning av plast kan spare miljøet og naturen for store mengde olje- og energibruk.

Folk må forstå kor viktig det er å levera plastemballasje til gjenvinning. Mange er flinke, medan andre kunne vorte mykje betre. For å gjera folk merksame på rett avfallshandtering, treng Neptun Seniorklubb hjelp av dykk til å kartlegge og få ut informasjon.

Oppdrag:

1. Gjennomføre ein spørjeundersøking i nærmiljøet for å kartleggja kor bevisste vi er på å sortere avfall. Dette gjeld særleg plastemballasje.
2. Undersøkje eit spesifikt maritimt område for plast og avfall, både haust og vår.
3. Bruke undervassbåt til å ta sedimentprøvar av havbotn.
4. Ta vassprøvar frå sjøen og analysere resultata.
5. Undersøkje fisk for mogleg plastinhald i magesekken og andre skadar.
6. Utarbeida ein informasjonsfaldar for næringslivet i lokalmiljøet.

Resultata skal presenteras i form av ein rapport og ein munnleg presentasjon for representantar i Neptun Seniorklubb.

Med vennleg helsing
Neptun Seniorklubb

Idar Hopland
Idar Hopland

Kjell-Tore Karlsen